

VA-ingeniør



Fjordvarme AS er eit uavhengig rådgjevarselskap som tilbyr rådgjevingstenester knytt til fornybar energi og VA-anlegg. Nordplan AS er hovudeigar og vi er samlokalisert i kontorlokale i Eidsgata 45 på Nordfjordeid. Nordplan har også avdelingskontor i Førde, Ålesund og Vågå og er eigar av Enøk-senteret i Ørsta.

Som innbyggjar i nye Stad kommune vil du få tilgang til gode offentlege tilbod med full barnehagedekning, høg kvalitet på skule/ kulturskule, trygge oppvekstvilkår for born og unge og eit svært variert fritidstilbod. Her kan vi mellom anna nemne friluftsliv, ski, toppturar, klatring, surfing, laksefiske, jakt, golf og musikkaktivitetar frå rock til opera, <https://www.yumpu.com/no/document/read/62671726/nordfjord-reiseguide-no> Det er ledige tomter i kommunale bustadfelt og mange private bustadprosjekt under oppføring.

På grunn av stor aktivitet på VA-området, har vi behov for å rekruttere fleire medarbeidarar til prosjektering av VA-anlegg. Andre oppgåver kan også vere aktuelt. Vi ønskjer primært å tilsette ved kontoret vårt på Nordfjordeid.

Ønska kvalifikasjonar og personlege eigenskapar:

- Ingeniør eller sivilingeniør, med veg- og VA-fag eller hydrologi
- Erfaring med prosjektering eller utbygging av VA-anlegg
- Engasjert, nøyaktig, god munnleg og skriftleg framstillingsevne på norsk og engelsk

Vi kan tilby:

- Fleksibel arbeidstid
- Konkurransedyktig løn
- Pensjonsordning
- Utfordrande arbeidsoppgåver med stort ansvar og høve til personleg utvikling
- Godt tverrfagleg miljø saman med Nordplan og Enøk-senteret
- Moderne arbeidsverktøy som Novapoint, AutoCAD, Epanet, Epa SWMM
- Hjelp til å finne bustad og jobb til ektefelle/sambuar om det er ønske om dette.

Søknadsfrist: 04.11.2019

For nærare informasjon, kontakt dagleg leiar Magne Hjelle, telefon 908 26775, E-post magne.hjelle@fjordvarme.no, eller fagansvarleg Lars Ivar Kjesbu, telefon 905 22458, lars.ivar.kjesbu@fjordvarme.no . Sjå også vår heimeside www.fjordvarme.no

Søknad vedlagt CV kan sendast pr. E-post til dagleg leiar.



STAD20
20
Eid og Selje i ny kommune